


# Årsmelding 2022

## Indre Sunnfjord Turlag



### Årsmelding frå hovudstyret



## Tillitsvalde 2022

### Hovudstyre:

Leiar: Ingebjørg Erikstad  
Nestleiar: Roger Hopland  
Kasserar: Kjell Arne Hjellbrekke  
Skrivar: Steffen Ben Jonstad  
Styremedlem: Per Tore Meier, Jan Bjarte Skrøppa, Jarand Fitje, Kjell Kleiven, Edith Falkenstein.

### Barnas Turlag:

Leiar: Steffen Ben Jonstad  
Medlem: Sissel Flåm (Førde), Julie Vårdal Heggøy (Fjaler),  
Evelyn Vågane (Askvoll), Torill Hukset (Naustdal).

### DNT Ung Indre Sunnfjord:

Leiar: Jarand Fitje  
Medlem: Julie Fonn Kleiven, Ronja Årskaug Vallestad, Johannes Dvergsdal Volle.

### Seniorgruppa:

Leiar: Edith Falkenstein  
Medlem: Sigrid Gjelsvik, Magni Kvile, Karen Hornnes  
Vara: John Lien

### Bre- og fjellsportgruppa:

Leiar: Per-Tore Meier  
Medlem: Sissel Vedvik, Kjell Kleiven, Håkon Østvik.  
Vara: Anja Lena Selstad

### Hyttestyret:

Leiar: Kjell Kleiven  
Medlem: Mariann Svingen, Per-Tore Meier, Anders Terje Vie  
Vara: Jorunn Vågen

### Merke- og løypenemnd

Leiar: Jan Bjarte Skrøppa  
Medlem: Knut Skurtveit, Magnar Egil Øren Gangsøy  
Vara: Helga Erdal Brenne

**Revisor:** Bjarte Erdal og Marit Nykø

**Valnemnd:** Vigdis Flaten Kvamme, Anita Rennestraum, Atle Holsen (leiar)

*Billete på framsida er frå tysdagstur til Solheimsnipa, sept 22.*

## Hovudstyret

Styret har delt arbeidsoppgåvene slik: Ingebjørg Erikstad er leiar, Roger Hopland, nestleiar , Steffen Ben Jonstad, sekretær. Kjell Arne Hjellbrekke kasserar. Dei andre i styret, har etter vedtektsendring, vore leiarane i undergruppene. Styret har i perioden hatt 8 møter med til saman 80 saker.

Styremøta har vore på Førdehuset. Med eit styre på 9 medlemmar er det godt å ha god plass. Jens Petter Bøe har ført rekneskapen.

Styret har prøvd å arbeide etter gjeldande budsjett og handlingsplan som vart vedteke på årsmøtet i 2021. Det har vore gjennomført 14 vaksenturar med 379 deltagarar. Barnas Turlag har gjennomført 21 aktivitetar til saman med kring 1045 deltagarar. Nyoppstarta FTU har hatt 2 arrangement med totalt 70 deltagarar. Ein av dei store suksessane i år har vore tysdagsturane med seniorgruppa. Alle oppsette turane vart gått, i tillegg til tre ekstraturar. Totalt 19 stk, med totalt 334 deltagarar. Det har vore mykje regn og dårleg vær i sommar og haust med fleire avlyste turar. Til tross for det har turåret 2022 vore eit godt turår med totalt fleire deltagarar enn i 2021 (sjå vedlagt statistikk).

Av større saker det har vore arbeidd med gjennom året, kan vi nemne at det vart gjennomført turleiarsamling i mars, der fokuset vart sikkerhet og turleiarrolla. I oktober vart det gjennomført fjellsport- og turprogramkveld med foredrag av Sondre Kvambekk. IST søkte og fekk innvilga speleemidlar til gapahuken ved dagsturhytta Gytta. Gapahuken står no ferdig til bruk. Det er også, i samarbeid med Sunnfjord kommune, utarbeidd eit prosjekt for omlegging/utbetring av turstien på Nordheia. Det er søkt spelemiddefinansiering til dette. Med tilskot frå Sparebankstiftinga via SFT, og i samarbeid med NFU Sunnfjord har vi hausten 2022 gjennomført to friluftstiltak for menneske med utviklingshemming.

2022 har vore «Frivillighetens år». IST har markert dette med lesarinnlegg frå leiaren i Firda i mai, markering av turar, og deltaking på «Sykkelløpet» der Jarand Fitje sykla frå Sanderplassen til Movika med Kjell Arne Hjellbrekke som passasjer. Vi har også vore med på kampanjen «#sammenpåtur». I samband med friluftsveka i september hadde leiari ytt lesarinnlegg i Firda.

Leiar og org. sek. har vore tilstade på frivilligkonferanse i Sogndal i juni, og i Bergen i november. IST har hatt møte med lokale interessentar og vore på stand og møter gjennom turåret 2022.

IST har hatt avtale med Marie Sørum om arbeidshjelp til administrative oppgåver i 25 % fast stilling. Dette har vore eit samarbeid med Luster og Sogndal Turlag, der Sogndal Turlag er den formelle arbeidsgjevaren. Etter styret si meining er det heilt nødvendig med administrativ hjelp. Å drive frivillige lag og organisasjonar er etter kvart vorte veldig omfattande og komplekst. Vi treng hjelp til søker, rapportering, marknadsføring og kontakt med overordna organisasjonar og offentlege myndigheter. Det å halde seg oppdatert på dataløysingar og liknande er og svær tidkrevjande for dei tillitsvalde. Dette arbeidet, vil utan hjelp frå profesjonelle, gå på bekostning av kapasiteten til å få gjennomført primære oppgåver og aktivitetar.

Økonomien til IST er god. Det er likevel viktig med god økonomisk styring. Vi har klart å følgje budsjettet i all hovudsak. Vi syner ellers til sjølve regnskapet.



## Årsmelding frå hyttestyret

Styret har hatt eit ordinært styremøter i inneverande år, der var nyvalt leiar i hovudstyret, Ingebjørg Erikstad invitert for å gjere seg kjend med alle i hyttestyret. Det vart også informert om aktiviteten i hyttestyret. Ellers har det vore ein del korrespondanse på e-post og telefon.

### Longevasshytta

Tilsyn: Torunn Solheim. Tilsyn er utført etter gjeldande instruks.

Det har vore ein dugnad på hytta inneverande år, og det har vore nytta helikopter for å frakte inn nødvendige varer og utstyr. Arbeid som var starta i 2021 og ikkje vart fullført vart vidareført i år, utskifting av vindu og beising. To av dei store vindua vart skifta, eit på kjøkkenet og eit på hemsen, no er alle dei store vindua utskifta, det gjenstår tre små vindu på vaskerommet og toalettet. Dette vil bli prioritert neste år. Beising av hytta og dei andre bygningane sto også på programmet i år, men på grunn av ein våt sommar var det ikkje idielle forhold for det, men litt av hytta (vestveggen) vart beisa to strøk. På grunn av lekkasje i pipa er det no montert pipehatt, dette vil forhåpentleg hindre vidare lekkasje og frostsprengeing.

Gass, ved og proviantlager er fylt på, det meste av sengkle er skifta, hytta er skura og vaska. Doen i hytta er tømt. Hytta er gjort klar for vinteren, båtane og kanoen er tatt inn og vatnet er stengt av. Stigen (brua) over elva er også tatt inn.

**Føreståande og vurderte behov/tiltak:** Beising av hytta og dei andre bygningane. Skifte dei små vindua på vaskerom og toalett. Skifte ytterdør. Alle nødvendige materialer og utstyr til dette er lagra på hytta.



FRÅ DUGNAD PÅ LONGEVASSHYTTA, SEPT 22.

**Nipebu**

Tilsyn: Dag Tore Mjåseth og Anita Brendehaug Mjåseth. Tilsyn er utført etter gjeldande instruks.

Det har vore ein dagnad på hytta dette året, det vart nytta helikopter til fyke inn ved, gass og nyt solcellepanel, batteri og reulator. Solcellepanelet vart montert i november. Dag Tore og Anita bar inn ein del proviant, dei skifta også det meste av sengkleia og vaska store deler av hytta. Sengkleia bar dei tilbake for innlevering på vaskeriet. På dagnaden vart doen i hytta reven og fjerna, det planlagte arbeidet med ombygging og skifting av vidu blir vidarført til neste år.

Båt og kano er lagra i naustet og hytta er gjort klar for vinteren.

**Føreståande og vurderte behov/tiltak:** Vidareføre arbeidet med ombygging av hytta, planlegge romløysing. Innhente pris på materialer og arbeid. Vurdere utskifting av vindu, innhente pris på vindu og arbeid. Årleg dagnad.



OVER: NIPEBU TIDLIG I HAUST. UNDER: HELIKOPTERLØFT TIL LONGEVASSHYTTA, 2022.

**Massbu**

Tilsyn: Ingvold Os og Jostein Laukeland. Tilsyn er utført etter gjeldande instruks.

Det arbeidet som var tenkt i inneverande år blir vidareført til neste år.

**Førestående og vurderte behov/tiltak:** Ta mål av madrassane og få sydd nye trekk på desse. Skifte ut gassbluss med nytt, nye slangar og regulator. Fylle opp med meir ved.

**Hyttestatistikk**

Massbu	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Overnattingar	31	42	63	30	45	18	19	15	18	27	9	34	35	131	27	23	28	2	29	23
Dagsbesøk	82	109	127	36	48	66	82	69	26	30	29	13	50	35	38	32	47	17	34	21
Longevasshytta	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Overnattingar	207	231	224	201	145	114	207	202	169	137	178	302	97	28	463	243	243	147	224	168
Dagsbesøk	97	89	57	77	142	124	149	16	36	20	231	37	48	37	56	82	12	15	28	23
Nipebu	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Overnattingar	487	437	389	485	402	406	374	341	290	276	236	397	423	307	314	408	370	204	178	269
Dagsbesøk	161	98	114	100	125	206	133	92	64	75	87	119	54	86	92	83	46	20	34	15



TYSDAGSTUR TIL MASSBU

## Årsmelding Bre- og Fjellsportgruppa

Tursessongen 2022 har stort sett vore prega av dårlig ver. Fjellsportgruppa hadde sett opp fleire turar som har vorte avlyst grunna veret, så det vil vera fint å prøve å sette dei opp att i 2023. Det vart gjennomført topptur på ski til Grovabreen i påska med strålende vêr, topptur til Munkeggi i Balestrand, og Kvitfjellet i Jølster. Tre turar med om lag 55 deltagarar til saman.

Fjellsportgruppa er i mangel på turleiarar som kan gjennomføre krevjande dagsturar.



FJELLSPORTTUR TIL GROVABREEN, PÅSKEN 2022. NYDELEG VÆR OG FORHOLD.

## Årsmelding Seniorgruppa i IST

Vi har eit godt samarbeid i gruppa gjennom året så vi brukar ikkje mykje tid på fysiske møter. Er det noko vi lurer på så diskuterer vi det på turane eller på e-post / melding. Vi har hatt eit møte i år med styreleiar Ingebjørg, da ho ville bli kjend med dei som er i gruppa. Alle turane for 2022 vart planlagde og fordelte til dei som skulle vere turleiarar på planleggingsmøte hausten 21. Det har vi også planlagt gjere for tursesongen 2023.

Den første turen gjekk på Mostien og den siste gjekk til Grimsetstølen. Vi må ha nokre lette turar som passar alle turgåarar frå 80 år og ned til 60 år. Det har vore gjennomført 19 av 17 planlagte turar i løpet av sesongen. Det har vore godt oppmøte på turane. Vi har ikkje hatt det beste turveret i år, men vi har til saman hatt med oss 334 deltakarar på tur. Det ser ut som at det har gått fint å annonsera turane på heimesida til turlaget og på FB. Turen som vi hadde planlagt til Vetehytta i Bremanger måtte vi avlyse sidan det var meldt dårlig ver. I staden tok vi ein tur til Guleslettene (vindmølleparken). Det var tåke og regn, men med gode regnkle gjekk det fint å vere ute.

Vi var heldigare med veret då vi var i Årbergsdalen, strålande sol og 38 turgåarar. Dette var nest siste turen vi hadde planlagt i år, men ettersom det var interesse for det, sette vi opp 3 ekstra turar. Den eine tok vi saman med Flora turlag til Askrova. Tok bussen til Florø og båt der i frå. Det var ikkje meldt det beste veret då heller, men utruleg nok så fekk vi fint ver med sol, (berre ei lita regnbye) men det bles litt. Til Askrova vart vi berre 3 stk frå IST, det var nok vermeldinga si skuld.

Seniorgruppa ser fram til mange fine turar i 2023 og framleis god deltaking!



TYSDAGSTUR TIL FUREBØSTØYLEN, AUG 22

## Barnas Turlag Førde

I 2022 har vi hatt liten aktivitet. Vi har kun vore 3 turleiarar, som slit med å ha nok tid. Vi hadde ein topptur på ski til Fauskevarden 2. April kor vi var maks heldige med vær og føre! Her var det 10 deltarar.

Sommaren har stort sett regna vekk. Men vi har vore tilstade Førde opp og Førdefestivalen. Arrangementet saman med Førdefestivalen fekk vi ein turleiari frå seniorgruppa til å fortelje om stølkskultur. Det vart vellukka tross mykje regn!

Kom deg ut dagen 5. September vart som vanlig arrangert på Hundsrasta i strålande sol. Mellom 250-270 personer møtte opp og alle var fornøyde. Vi lånte ut kano og SUP brett, laga suppe på bål og hadde turtipp. Totalt 3 turar/arrangement med om lag 300 deltarar.

Vi har planar om lommelykttur og grauttur i Movika når der nærmar seg jul!



BILETER FRÅ SKITUR OG KDU HAUST, 2022

## Barnas Turlag Fossheimen/Gaular

I år har Barnas Turlag Fossheimen hatt to turar. Den første var KDU-dagen i februar. Vi var på Skistølen på Langeland. ca 25 voksne og 35 barn. Det var fyr på bålpanna og godt med snø til skileik og moro :-) Turboreven var ikke til stede, siden han hadde fått Korona ;-)

25. juni var vi med på Storehesten Opp - base ved Skaraly. For ein fin og fantastisk heiagjeng ungane var! Turboreven kosa seg med å dele ut kjærlighet til spreke barn og likte eventyret biblioteket las opp, sjølv om reven egentlig burde vore helten...

R-en i rebusen har regna vekk siste dagane, men Turboreven er nøgd likevel

BT Fossheimen/Gaular- Heidi Eriksrød



TURBOREVEN OG REBUSEN PÅ STOREHESTEN OPP

## Årsmelding Barnas Turlag og Ung Askvoll

Barnas Turlag Askvoll har i løpet av november 2021 til oktober 2022 gjennomført 5 turar. Turdestinasjonane har vore alt frå fjord til fjells.

Vi har som vanleg hatt varierande antall deltagande born, alt frå 20 – 60 i år. Deltakartala frå før covid har vi ikkje heilt fått opp igjen.

Vi gjennomførte begge KDU-dagane. Vi har hatt samarbeidsturar med både Askvoll Kyrkje, Holmedal Vel/Dalsfjordveka, Sjøstjerna 4H og opplever det som positive samarbeid for å få fleire med på tur.

I mai hadde vi ein tur i Industriminneløypa i Stongfjorden, denne turen la vi dit for å hjelpe folk i gong og profilere "Titur Dalsfjorden". Turane våre er fordelt på føremiddag, ettermiddag, helg og vekedag.

Vi ser at størstedelen av borna som er med er under 10 år, dermed legg vi turane litt opp etter det. Ellers samarbeider vi godt med andre grupper i bygda.

Markedsføring føregår stort sett på facebook, av og til med lappar i barnehage, skule og oppslagstavler.

Totalt 5 turar med om lag 250 deltagarar. Stemninga er framleis god i gruppa, og vi ser fram til 2023.



FRÅ KDU 2022

## Barnas Turlag Naustdal

**06.februar: KOM DEG UT DAGEN.** Fin dag i Instedalen Skianlegg på Kom-Deg-Ut-dagen 2022, kl 11-14 i samarbeid med Florø Frivilligsentral. Det var ca 100 frammøtte. Det var ein del ungdom som var utan vaksne, det var ca. 60 barn og 40 vaksne. Det var 28 som kom med bussen fra Florø, 12 barn, 6 unge og 10 vaksne. Bussen var eit gratis-tilbod for personar med låg inntekt "Alle med"-tiltak. Instedalen skileik-anlegg ordna med preparerte løyper og parkering/vakter, og vi fekk bruke varmestova m/toalett. Dei har også utlån av ski/sko/stavar og akebrett til dei som ikkje har utstyr sjølv. Servering av pølse m;brød, sveler, saft og bålkaffi til alle. Tilbakemelding frå deltakar frå Florø: Det var en fantastisk dag med masse gøy og snø.

**Vinterveka, veke 8:** Vinterveka er arrangert av Instedalen Skianlegg. BTN støttar arrangementet med kr 5000 (Frifond-midlar). Frivilligsentralen dekkar kostnad for ski-buss tur/retur Naustdal sentrum - Instedalen kvar dag måndag-fredag. Det var ca 30 born med kvar dag. (Lokal-transport-ungdom-midlar). Vinterveka består av ulike typar skileik, topptur, ng mm. Og det blir servert varm mat. Er veret for därleg er det inneaktivitet i nedlagt skulehus. Totalt 150 deltakarar)

**Mai 2022:** Barnas Turlag lånar ut kanoar, barne-kajakk, sup-brett, årar og vestar på Sanden. I kåpet finn ein vestar og årar. Der er også pumpe og eit sete til sup-brett. Alt utstyret og kåpet er låst med DNT-nøkkel. DNT-nøkkel kan lånast på Tenestetorget/ kommunehuset måndag-fredag kl 8.00-15.30 (spør etter Frivilligsentralen) Det er kun vaksne som kan låne nøkkel til utstyret, alle born må ha følgje med vaksne. Vi kjøpte kajakk-stativ til kanoane, bretta og kajakken før sommaren.

BTN var med på Bamsejakt i mai. Det blei plasserte bamsar ulike stader i sentrum, med info og bilde på Facebook (Turbo blei ikkje med i år, for han låg i tursekken til ein av turleiaran).

**1.juni: Padledag på Sanden.** Det var kun 2 vaksne og 2 barn på padlinga....så därleg oppmøte. Vi prøvde å finne den dagen best veir første veka i juni, men det var litt grått og regn sjølv om det var meldt bra veir.


**7.juni: Opptur for 8. og 9.klasse.** Turen gjekk frå Helletunellen til Naregga. Buss til/frå Helletunellen. Det var 32 elevar med 8.inn, sikkert noko liknande frå 9.trinn + vaksne/lærarar. BTN skaffa turleiar. Etter å ha utsett turen eit par gonger pga regn, vart det ein flott tur i bra ver.

**10.juni: Kulturnatt i Førde.** IST hadde fellesstand med utdeling av diverse materiell. BT Naustdal stilte ein time på standen, kl 18-19.00.

**4.september: KOM DEG UT DAGEN:** Klatring på Kalland. Det møtte fram ca 30 personar, fordelt på 10 vaksne og 20 barn. Klatring var fullt heile tida. I tillegg til klatring hadde vi Tur-tipp, skattejakt, og dart, samt servering av bollar, saft og bålkaffi. Vi traff blink med det meste idag. Fint vær, god stemning og gode instruktører. Takk Solrunn og Geir-Ståle som var klatreinstruktørar og leigde ut klatreutstyr. Kom-deg-ut-dagen 2022 var flott.

**2.oktober: Fisketur til Russenes.** 5 barn og 5 vaksne. Opplett og fin tur. Fekk 7 fiskar. Ingen hadde behov for å låne fiskestang. Grilling av pølser på bålpanne.

Totalt 11 arrangement med om lag 330 deltakarar.



OVER: FISKETUR TIL RUSSENESET. UNDER: KDU I INSTEDALEN.

## Barnas Turlag Fjaler

### Kom deg ut-dagen

Som i 2021, starta vi turåret 2022 med den tradisjonelle Kom deg ut-dagen første helga i februar. Vi hadde arrangement i Klokkgarden i Dale sentrum der om lag 30 born og 20 voksne møtte opp. Vi hadde laga til tre ulike naturstiar å gå for små, mellomstore og litt større born. Alle fekk grillspyd og sjokolade som premie. Etter naturstien fekk alle pølser og brød sponsa av Gilde / Indre Sunnfjord Turlag, og medan vi sat og grilla var vi så heldige å få nokon solgløtt på ei helg som elles var ganske grå. Eit vellukka første arrangement for året, og godt oppmøte.



### Monsterbesøk

I mai inviterte vi til Monsterbesøk på stranda Badevika i Dale i samarbeid med Fjaler kulturkontor. På ettermiddagen 12. mai kom Adele Duus (Lys Levende Adele) som hadde figurteater der vi møtte bestevenane Storemonster og Veslemonster. Ein dag då Storemonster vil leike, kan ikkje Veslemonster, for Raggmonsteret er på besøk. I denne vesle framsyninga som varte i om lag 45 minutt fekk vi sjå kor vanskeleg det er å vere tre. Monsterbesøk byggjer på den nynorske biletboka med same namn av Áslaug Jónsdóttir, Rakel Helmsdal og Kalle Güettler, omsett av Tove Bakke, og passar for born frå 3 år og oppover. Vi hadde ein skikkeleg fin ettermiddag i Badevika, der heile 60 små og store tok turen. Etter framsyninga serverte vi pølser, saft, kjeks og kaffi til alle. Eit svært vellukka arrangement, og veldig kjekt å samarbeid med kulturkontoret i Fjaler. Vi håpar å få til liknande arrangement også neste år.





### Postvegtrimmen

I september hadde vi i år som i fjor samarbeid med Svint IL i Flekke om den årlege Postvegtrimmen. Barnas Turlag sin tur er noko kortare enn heile Postvegtrimmen, og gjekk frå Skor (Sveien) i Hyllestad kommune til Hovland i Fjaler kommune. Turen er om lag tre kilometer lang og passar fint for små bein. Nærare 40 born og 25 voksne møtte opp og gjekk Postvegtrimmen denne fine sundagen i september. Alle fekk stempel i fjellpassa sine ved start. Vel framme på Hovland fekk alle servert bollar, saft og kaffi av Svint IL, medan Barnas Turlag delte ut premie. God stemning og turglede blant små og store, og igjen eit godt samarbeid med andre aktørar i kommunen.



I desember planlegg vi ein reflekstur i ein av skogane rundt Dale, der vi avsluttar med servering av graut og saft mellom trea. Kanskje kjem nissen i år også? Det er alltid like spennande! Vi ynskjer å takke dei vi har samarbeidd med i året som gått, og dei som har sponsa oss med gåver og anna. Tusen takk til alle som har tatt turen og vore med på arrangementa våre!

Vi gler oss allereie til 2023 og alle dei fine turane vi skal på då! 😊 Beste helsing Irene, Leonora, Malene H., Marie, Sarah, Malene S. og Julie

## Årsmelding – DNT Ung Indre Sunnfjord

Dei siste åra har det vore noko redusert aktivitet i ungdomsgruppa.  
Gruppa hadde eit planleggingsmøte i starten av turåret 2022 med pizza .

Det har vore gjennomført «dagskurs skred» med midler frå Bjørstadstiftinga, den 7.mars med 6 deltagarar. Innleidt instruktør frå Norgesguidene. Takk til Jølster skisenter for lån av varmestove og rimeleg dagskort.

Jarand og Johannes var med på stand under «Kulturnatta» i juni, og Jarand var også med på «Sykkelløpet» 23.juni.

Det vart forsøkt gjennomført buldring for DNT ung, ingen oppmøtte i mai.  
Det var forsøkt gjennomført tre aktivitetar i samarbeid med KFUM-KFUK feb-april. Ingen oppmøtte.  
Etter sommeren har både Julie, Johannes og Jarand flytta vekk.



BILETER FRÅ DAGSKURS SKRED I MARS, SYKKELLØPET I JUNI OG BARNAS TURLAG FØRDE PÅ FØRDE OPP, 2022



## Friluftsliv Tilrettelagt Utviklingshemmede (FTU)

Turlaget fekk stønad frå Sogn og Fjordane Turlag/ Sparebankstiftinga til å starte opp og teste ut interessa for FTU i IST sitt område.

Det vart oppretta kontakt med NFU lokallag i Sunnfjord i juni 2022. Etter eit møte med lokallaget her i Sunnfjord vert det planlagt eit arrangement i Hafstadparken 5 sept.

Den 5.sept vert det gjennomført eit arrangement for alle som ville delta med FTU, i Hafstadparken. Oppmøte ved Biltema Førde. Samling, og utdelinga av FTU vest. Vi gjekk på tur i parken og fekk utdelt ein turbingo. I parken vert det grilling av pølser, utdeling av saft og frukt og aktivitetar. Alle fekk ein DNT kopp som premie for turbingo. 30 deltagarar. Nydeleg vær.

Neste aktivitet vart arrangert den 20.oktober. Oppmøte på Langeland, og aktiviteten var natursti rundt rulleskiløypa på Langeland. Også denne dagen var det nydeleg vær, og godt oppmøre. 40 deltagarar. Arrangementet vart lagt til asfalt, slik at rullestoler også kunne vere med på runda. Gode tilbakemeldinger. Etter naturstien var det samling i grindbygget, med bål, varm saft og frukt.

Det er planlagt eit nytt arrangement torsdag 1.des frå kl 17.30-19.00 på Mo, Jul i stallgata.



**FTU SITT FYRSTE ARRANGEMENT I HAFSTADPARKEN, SEPT 22, MED OVER 30 DELTAKARAR**

## Årsmelding, merke- og løypenemnda

Merke- og løypenemnda i IST har siste året vore samansett slik: Jan Bjarte Skrøppa (leiar), Knut Skurtveit, Helga Brenne og Magnar Egil Øren Gangsø. Tidlegare medlem/leiar i gruppa Atle Holsen, har også gjort ein god innsats i 2022!

Å vere ute i dårleg ver er i utgangspunktet ikkje noko problem når ein berre har kledd seg etter forholda. Det som er verre å få gjort når det regnar, er å merke. Då er ein avhengig av tørt underlag og nokre timar opphald i etterkant. Så når snøen etter kvart hadde reist frå dei fleste plassane og ein hadde tenkt å effektuere litt merking, så vart det vått og det i lange tider.

Heilt svart har det likevel ikkje vore, så også dette året har nye T`ar sett dagens lys eller gamle blitt reparert.

Merke- og løypenemnda hadde i mai eit lite oppstartsmøte der vi la litt planar og diskuterte merking og rydding av stiar. I etterkant av møtet har det blitt kjøpt inn nødvendig utstyr som er tilgjengeleg for dei som ynskjer å bidra til merking og rydding. Dette er blitt lagt på lageret til IST.

Møter/aktivitet utanom dei ordinære oppgåvene til gruppa:

### Nordheia

Jan Bjarte har på vegne av gruppa, saman med Ingebjørg og Marie, delteke på 4 møter og 2 synfaringar/feltdagar med representantar frå Sunnfjord kommune og grunneigar, for å planlegge prosjektet som gjelder oppgradering og ny sti opp til Nordheia. Turen til Nordheia er svært populær for folk i alle aldrar gjennom heile året. Bruken av området på barmark har ført til stor slitasje på terrenget i enkelte delar av traseen. For å forhindre at det skal bli ytterlegare slitasje, er det ein plan om ny trase i store delar av området og noko tiltak i den eksisterande stien. Det vil bli søkt om prosjektmidlar og ein har god tru på at det blir ein oppstart av jobben straks snøen forsvinn våren 2023.

### Bruene nedanfor Trollevatnet

September - Knut Skurtveit frå gruppa har representert IST ved synfaring nedanfor Trollavatnet som er over Lundeskaret, der temaet har vore at dei to bruene i området har vorte utilgjengelege under flaum i samband med reguleringa i området. Med på synfaringa var det representant frå Sunnfjord kommune, grunneigar og folk frå Eviny/BKK.

I etterkant av synfaringa har det blitt gjennomført teamsmøte.


BKK/Eviny vil påta seg ansvaret med å sette opp to nye bruer og det vil bli utarbeida ei avtale med grunneigarane som formelt sett eig bruene. Eviny/BKK vil bidra med framtidig vedlikehald.

### Møte i Rådgjenvande utval for Naustdal- og Gjengedal landskapsvernområde.

Oktober - Møte på Skei. Kjell Arne Hjellbrekke som er vara for Jan Bjarte i utvalet, stilte på møtet.

2022:

Rute	Område/punkt	Tiltak	Timar	Merknad
Generelt	Alle	Møte med merke- og løypenemnda	10	Alle
Sele-Bergsheia	Som under	Laga 12 raud-toppa trestikker	2	Atle
Sele-Bergsheia	Nedre del ca til skoggrensa	Kvisting og stikking Skilt på P-plass	12	Atle + Ingebjørg og Magnar
Lundeskaret-Marabreen	Merking og rydding. Vart amputert pga ikke mogeleg å komme over elva under Trollevatnet	Rydda skog som låg over stien innanfor Lundebotnet	6	Knut
Haugastølen-Oldeskaret		Merking	4,5	Knut
Befringstølen-Kvannebakknova		Merking og vardebygging	5,5	Knut
Fossheimsstølen-Høgenipa		Merking	4	Knut
Lundeskaret-Marabreen		Merking	5	Knut
Skeistølen-Førdsnipa	Bakkane over Skeistølen	Kvisting	2	Jan B
Under Trollevatnet		Møte/synfaring	4	Knut
Nordheia		Møte/synfaring	14	Jan B og Ingebjørg
Ulike Projekt Askvoll- og Holmedals fjella		Klopper, steinlegging og grafsing	150	John Lien
<b>Sum timar 2022</b>			<b>219</b>	
<b>Sum timar i 2021</b>			<b>146</b>	



MERKENEMNDA I GODT DRIV, OKTOBER 2022

## TiTur Dalsfjorden

TiTur Dalsfjorden går frå 1.mai til 2.oktober. Tiltaket er eit samarbeid mellom IST, Askvoll kommune, Fjaler Kommune, og turgruppene i Askvoll og Fjaler. Årets deltakerpremie har vore ullbuffar frå DNT butikken med T-logo.

I 2022 har det totalt vore 4145 innskrivinger i bøker, og 1831 innsjekkingar på UT Appen. Det har vore 170 deltagere som har gått alle turane i TiTur Dalsfjorden. Det er ein nedgang frå 2020 (223 deltarar) og 2021 (236 deltarar), men fleir enn i 2019 (141 deltarar).

Vi kan mest truleg skulde den dårlige sommaren, men det har nok også vore fleire på utanlandstur eller anna ferie i sommar.

Den yngste deltagaren har vore 2 år, og den eldste deltagaren er 81 år. Snittalder er 49 år.



VINNERBILETET FRÅ INSTAGRAM, 2022


## TiTur Sunnfjord

**På UT.no, digital liste:** Av 121 som har følgt lista var det 27, i tillegg til dei som berre har levert på papir, som fullførte med innsjekkingar på alle 10 turmåla. Dette talet inkluderer ikkje barn under sju år ettersom dei "fullfører" med færre innsjekk. Tallet for fullførte er dermed for lågt, sett i kontrast til 2016 med 219 innleverte TiTur kort.

Det interessante er at 381 unike brukere har vore på ein eller fleire av turmåla, men berre 121 av desse har altså "abonnerert" på årets TiTur.

Dei som har levert inn TiTur på kontoret er stort sett takknemmelige for opplegget og syntest det er ein kjekk motivasjon til å komme seg ut, særleg i sommar med mykje därleg ver. Det vert også kommentarer på at det er kjekt at turane er spreidde utover kommunen, slik at ein ser litt nye områder.

Annonsering av vinnerane skjer på årsmøtet til IST i november.



VINNERBILETET FRÅ INSTAGRAM, 2022

## Statistikk

2020	Medlem	Innbyggjarar	Prosent av innbyggjarane	2021	Medlem	Innbyggjarar	Prosent av innbyggjarane
Askvoll	185	3011	6,1	Askvoll	181	2970	6,9
Sunnfjord	1581	22030	7,1	Sunnfjord	1591	22079	7,2
Fjaler	143	2802	5,1	Fjaler	148	2844	5,2
SUM	1909			SUM	1920		

2022	Medlem	Innbyggjarar	Prosent av innbyggjarane
Askvoll	189	2950	6,4
Sunnfjord	1496	22 160	7,2
Fjaler	142	2846	5,2
SUM	1819		

Det er 4 medlemmer som er busett i andre kommunar.

Medlemmer	2020	2021	2022
Familie hovudmedlem	169	187	
Hovudmedlem	624	627	989
Studentmedlem	63	49	148
Honnør	209	208	295
Livsvarig	10	10	
Barn	78	54	195
Skule	57	33	196
Husstandsmedlem	198	236	
Familiehusstand	545	561	
Totalt	<b>1953</b>	<b>1975</b>	<b>1823</b>

	2020 (turar, deltagarar)	2021 (turar, deltagarar)	2022 (Turar/deltagarar)
IST vaksne	11 (168)	25 (541)	16 (382)
Onsdagsturar	11 (98)		
IST ung m/klatring	6 (22)	4 (54)	1 (6)
Opptur	1 (28)		2 (65)
Barnas Turlag	29 (532)	20 (912)	23 (1105)
Seniorturar	6 (63)	17 (317)	19 (334)
FTU			2 (70)
Totalt	<b>64 (911)</b>	<b>66 (1824)</b>	<b>63 (1962)</b>

